



## **Vedtekter for MAFOSS/ Maritim Foreining for Søre Sunnmøre (Organisasjonsnr: 971 370 092)**

Fastsett på skipingsmøte den 21. november 1969.  
Sist revidert 29. april 2021

### **§1**

MAFOSS er ein medlemsorganisasjon for dei havbaserte næringane, direkte eller indirekte, i kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. Våre medlemmar vil kunne representere heile verdikjeda knytt til Havrommet.

MAFOSS skal vere organisert som eit prosjekt i ÅKP iht inngått samarbeidsavtale datert 4. august 2020.

MAFOSS skal vere ein uavhengig regional tilretteleggjar som skal samle, forsterke, synleggjere og utfordre den verdsleiande maritime og marine klynga som medlemsbedriftene på Søre Sunnmøre er ein del av.

MAFOSS skal vere medlemmane sitt felles talerøyr og forlenga arm i saker som gjeld synleggjering, nettverksbygging, rekruttering, opplæring, samferdsel, konkurransedyktige rammevilkår og politisk påverknad.

MAFOSS skal søke samarbeid med andre organisasjonar for å løfte viktige saker av politisk og overordna art.

MAFOSS skal etablere gode møteplassar for medlemsbedriftene.

MAFOSS skal arbeide for å styrke rekrutteringa og heve det faglege nivået i verksemdene gjennom kurs og anna opplæringsverksemd.

MAFOSS skal legge vekt på den personlege fellesskapen ved medlemsmøter og andre samvær.

### **§2**

Som medlemmer kan opptakast bedrifter i regionen med tilknytning til dei havbaserte næringane, direkte eller indirekte samt andre naturleg tilhøyrande næringar. Søknader om medlemsskap vert avgjort av styret. Oversikt over medlemsbedriftene skal framleggast på årsmøtet.

### **§3**

Saker som foreininga tek opp til handsaming skal til vanleg avgjerast ved røystefleirtal mellom medlemmene. Dersom det gjeld saker om særleg omfattande interesser og medlemsverksemdene må ta ulike omsyn, kan det krevjast avrøysting i høve talet på tilsette ved verksemdene, etter slik oppdeling:

over 500	-	7 røyster
400 - 500	-	6 røyster
300 - 400	-	5 røyster
200 - 300	-	4 røyster
100 - 200	-	3 røyster
50 - 100	-	2 røyster
1 - 50	-	1 røyst



#### §4

Årsmøtet er øverste skipnaden i foreninga og blir halde kvart år innan utgangen av mai måned. Ekstraordinært årsmøte kan haldast når styret finn det naudsynt eller når minst 1/3 av medlemsverksemdene set fram skriftleg krav om det i grunngjeven fråsegn.

#### §5

Årsmøtet vedtek medlemsavgifta (årskontingent og driftstilskot) for foreninga. Medlemsavgifta skal betalast forskotsvis for kalenderåret, eit halvt år om gongen.

Medlemsavgifta er eit fast årleg beløp medan driftstilskotet er eit tilskot basert på talet på fast tilsette i verksemda på land og i regionen. Størrelsen på driftstilskotet er avhengig av talet på fast tilsette, og dette skal registrerast 1. mars og 1. september.

Eit nytt medlem skal i innmeldingsåret betale driftstilskot for talet på tilsette i bedrifta ved innmeldingsdato. Full medlemsavgift blir å betale frå og med året etter innmelding.

#### §6

Vanleg årsmøte blir innkalla med minst 14 dagars varsel føreåt, ekstraordinært årsmøte med minst 8 dagars varsel. Slik innkalling skal vere skriftleg frå styret. På omframt årsmøte kan berre dei saker som er gjorde kjende i innkallinga takast opp til avrøysting.

#### §7

Eit årsmøte er vedtaksført når minst 2/3 av medlemane er til stades. Dersom eit årsmøte må avlysast på grunn av for lite framømte, skal nytt årsmøte kallast inn innan ein måned. Dette årsmøtet er vedtaksført i alle høve. Medlemsbedriftene kan gi skriftlege fullmakter.

#### §8

Årsmøte skal handsame:

1. Årsmeldinga frå styret.
2. Revidert rekneskap for føregåande kalenderår.
3. Fastsetjing av medlemsavgift (årskontingent og driftstilskot)
4. Andre saker.
5. Val.
  - a) Styre, ulike utval og valnemnd



## §9

Foreininga vert leia av eit styre på 5 - 7 representantar. Ein skal ved samansetjing av styret søkje å få ei så god spreining som mogleg både når det gjeld bedriftstype, storleik på bedrift og geografi.

Representantar for dei tyngste næringane som t.d. skipsverft, utstysrleverandørar og rederi skal vere representerte i styret.

Dersom ein av styremedlemmene, vararepresentant eller andre tillitsvalde sluttar i bedrifta dei representerer, eller av andre årsaker går ut, har styret fullmakt til å oppnemne eit nytt medlem som fungerer fram til årsmøtet. Styret har også fullmakt til å velje ny styreleiar blant styremedlemmene fram til nytt årsmøte.

Styrerepresentantane vert valde for 2 år av gangen, der 3 og 4 vert valde annakvart år. Ingen kan veljast for meir enn to samanhengande periodar. Styreleiar og nestleiar vert valde for eit år i gongen.

## § 10

Styret vedtek årsbudsjettet for foreininga på sitt siste styremøte i kalenderåret.

## §11

Styret har ansvaret for eigedomane og økonomien i foreininga, og nyttar han i samsvar med vedtak på årsmøtet. Styret er vedtaksført når minst 4 medlemmar eller vararepresentantar er til stades. Styreleiar avgjer likt røystetal.

## §12

Til å greie ut vanlege saker, kan foreininga peike ut underutval som rapporterer til styret, til dømes vedkomande:

- a) Personal og rekruttering
- b) Opplæring
- c) Forsking og Utvikling
- d) Markedstilhøve
- e) Tekniske fagområde
- f) HMS
- g) Logistikk og produksjon
- h) Samarbeid om ulike tiltak

Styret kan også setje ned prosjektorienterte utval.

## §13

Foreininga kan berre oppløysast etter framlegg frå styret innan utgangen av kalenderåret. Kunngjering må skje saman med innkalling til årsmøtet, og krev 2/3 fleirtal av alle røystene for å bli vedteke. Etter slikt vedtak må det peikast ut eit avviklings-styre på 5 medlemmer til å stå føre oppløysinga.



## §14

Vedtektene kan endrast berre når  $2/3$  av røystene etter §3 og  $2/3$  av medlemsbedriftene stemmer for endringa. Medlemsbedriftene kan gi skriftlege fullmakter.